

**Ei samfunnslesing av Jens Bjørneboe's  
*Skapsprengeren Manfreds Oppstandelse***



---

**Universitetet  
i Stavanger**

Antall ord: 5972

# UNIVERSITETET I STAVANGER

## Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora

Emnekode og emnenavn: NOR370-1 21V Bacheloroppgåva i Nordisk

Tittel på oppgåva: Ei samfunnslesing av Jens Bjørneboe's *Skapspregeren Manfreds Oppstandelse*

Tittel på oppgåva: A reading of Jens Bjørneboe's *Skapspregeren Manfreds Oppstandelse*

Kandidatnummer: 2044

Tal på ord: 5972

UiS minner om reglane for plagiering og fusk, som studentane har godteke på Studentweb, i utdanningsplan del 1, at han/ho har lest. Hugs særleg på:

1. at teksten ikkje tidlegare har vore nytta til skriftlege innleveringar ved Universitetet i Stavanger eller annan lærestad.
2. at du ikkje gir att andre sitt arbeid utan at dette er oppgitt ved litteraturtilvising.
3. at du ikkje gir att eige tidlegare arbeid utan at dette er oppgitt ved litteraturtilvising.
4. at du oppgir alle referansar/kjelder (også henta frå Internett) i litteraturlista.
5. at du markerer sitat med hermeteikn eller innrykk og viser kor sitatet er henta frå.

Brot på desse reglane er å forstå (sjå) som fusk. Fusk eller forsøk på fusk vil verta handsama slik som vist i *Lov om universitet og høgskular*, § 4-7 og 4-8

Det vert vist til studentsidene under fane «Eksamens» for meir info.

[Innhaldsliste](#)

<b>1. Innleiing</b>	<b>5</b>
<b>2. Definisjonar</b>	<b>6</b>
<b>2.1 Makt</b>	<b>6</b>
<b>2.2 Satire</b>	<b>7</b>
<b>3. Analysen</b>	<b>8</b>
<b>3.1. Makttilhøve i <i>Skapspregeren Manfred Oppstandelse</i></b>	<b>8</b>
<b>3.2 Makttilhøve utanfor romanen</b>	<b>13</b>
<b>4. Konklusjon</b>	<b>17</b>
<b>Kjelder</b>	<b>18</b>

*Maria, alle smerters moder,  
Nævn mitt navn i Dine bønner!  
Vi er alle tornekronet;  
vi er alle Dine sønner*

(Bjørneboe, 2020, s. 127)

## 1. Innleiing

Forfattaren Jens Ingvald Bjørneboe (1920-1976) er mest kjent for sine samfunnskritiske romanar, der han mellom anna angripar autoritetar og tek parti med dei svake som står utanfor samfunnet. Dei som ikkje alltid evnar å forsvara seg sjølv. Om det er skulekritikken vi finn i romanen *Jonas* (1955) eller fengselskritikken som vi møter i *Den Onde Hyrde* (1960) blir funksjonen til litteraturen av Bjørneboe å avsløra makttihøve som er til stade i samfunnet. Bjørneboe har vore innom dei fleste ideologiar og kan kallas ein sokjande sjel. Hans Fredrik Dahl skildrar hans ideologiske reise i verket *Rettssakene som kneblet* (2020) at Bjørneboe kom frå høgre sida politisk, men flytta seg stadig nærmare venstre sida gjennom Karl Marx, Frantz Fanon, og Rudolf Steiner (2020, s. 161). Til sist definerte Bjørneboe seg sjølv som den fødde anarkist. Denne ideologiske reisa skin også igjennom i forfattarskapet hans.

På slutten av 50- og byrjinga av 60-tallet var det fengselssystemet som fekk gjennomgå av pennen til Bjørneboe. *Skapspregeren Manfreds Oppstandelse* (2020) var ikkje eit unntak. Romanen blei medan anna skreve som ein kritikk mot fengselsvesenet, men det kan synast at kritikken var meir omfattande når ein studerer romanen nøyare. Med satire og religiøse allusjonar finn vi eit nettverk av kva Bjørneboe forbanna seg over. Om det er eit angrep på enkeltpersonar eller om det rett og slett går på menneskeheita sjølv.

I 1963 hadde Bjørneboe skreve ferdig romanen *Skapspregeren Manfreds Oppstandelse*, men dei omstende ville ha det til at den ikkje blei utgitt før i 2020. Det var i anledninga det året Bjørneboe skulle ha fylt 100 år. Romanen er såpass ny at det er skrevet lite om den frå før, som gjer at det ikkje er så mykje eg kan byggja oppgåva mi på. Samtidig gjer det at eg finn romanen ekstra spennande å ta tak i. *Skapspregeren Manfreds Oppstandelse* er skreve som ein satire som tek opp dagsaktuelle problem (tida han blei skrevet i) på ein humoristisk måte. Satiren viser eit samfunn som liknar på vårt eget. Ved å setja fortellinga til vårt samfunn kan Bjørneboe gjera det han likar best; angripa autoritetar som misbrukar makta si.

Det som er spennande å sjå på er korleis samfunnskritikken kjem til utrykk i romanen *Skapspregeren Manfreds Oppstandelse*. Ved å sjå på makttihøva som kjem til utrykk både i og utanfor romanen kan vi nærma oss ei forståing av samfunnskritikken.

For å greia ut om samfunnskritikken vil eg sjå på makttihøva i romanen ved å bruka metoden nærlæring. Fyrst vil eg greia ut om kva maktteori er, der eg tek for meg Max Weber og Michel

Foucaults definisjonar på makt. Samtidig vil eg sjå på fenomenet satire gjennom Dustin Griffin og Eirik Bergensens litteratur. Vidare i analysen har eg valt ut to forskjellige maktbalansar i romanen som eg skal ta til nærmere undersøking; personlege relasjoner og religion i tilhøve til det kapitalistiske samfunnet. Analysen vil vera todelt der eg først tek for meg makttilhøva i romanen og deretter makttilhøva som ligg utanfor romanen. Det er for å få eit større bilet av korleis litteratur kan brukast i samfunnskritikken og kva som inspirerte Bjørneboe til å nettopp skrive denne romanen.

## 2. Definisjonar

### 2.1 Makt

Det er ikkje enkelt å definera makt, dermed må ein sjå på korleis makt er blitt definert frå ulike hold. Slår ein opp ordet makt i etymologisk ordbok får ein synonyma slik som: kraft, styrke, vald, tvang, herredømme, myndighet, autoritet, sterkt innflytelse og overtak (de Caprona, 2015, s. 1036). Makt er ein påverkande kraft som gjer at folk gjer enkelte ting dei eigentleg ikkje ville ha gjort. Dermed finn vi makt i relasjoner. Fredrik Engelstad bruker definisjonen til Max Weber om makt i boka si *Hva er makt*: «Makt er ett eller flere menneskers sjanse til å sette gjennom sin vilje i det sosiale samkvem, og det selv om andre deltagere i det kollektive liv skulle gjøre motstand» (2005, s. 19). Då blir maktmodellen sjåande ut slik: «A har makt over B i den grad A kan få B til å gjøre noe som B elles ikke ville gjort» (Engelstad, 2005, s. 19).

Eirik Bjørge har skrevet artikkelen Michel Foucaults bidrag til forståelsen av «*makt*» (2009). Der presiserer han at Foucault meinte at ein fann makta overalt, ikkje berre på «(...) en institusjon og den er ikke en struktur, den er ikke en bestemt styrke som bestemte personer skulle være utstyrt med: Den er navnet man setter på en kompleks strategisk situasjon i et gitt samfunn» (s. 12). Eg har valt å ha med desse definisjonane for å understreka at makt ikkje berre er noko som høyrar til ein institusjon eller ein plass i samfunnet. Makt er noko ein kan utføre, få, eller ta. Ein finn makt overalt i samfunnet der ein finn relasjoner, heime slik som i parforhold og vennskap, og elles i samfunnet på arbeidsplassar og andre aktørar som institusjonar.

Makttilhøva vi finn i litteraturen vil ofte bidra til å bestemma korleis vi som les forhold oss til handlinga og dei ulike karakterane. Og om vi opplever tillit, sympati, empati, hat eller

kjærleik til karakterane. Makttihøva som blir framvist kan også vera ein direkte protest mot samfunnet vi elles lev i, der forfattaren setter ting i perspektiv for å visa korleis verda eigentleg er. Ved å kartleggja dei ulike makttihøva kan ein kome nærmare ei forståing av makt som er rundt oss til alle tider. Jon Hovland forklarar korleis makt kjem til syne på scena som vi kan ta med oss vidare i denne oppgåva:

«På scenen er rollenes handlinger det eneste som kan observeres, derfor må hierarkier, kultur og samfunn utspilles gjennom karakterene. I den virkelige verden er dette sammensmeltet, fordi vi allerede vet noen viktige ting om verden vi lever i og de vi møter. Teaterets scene tvinger fram mer tydelig form og meningsinnhold for interaksjonen, og dette gjør det enklere å observere makt i utfoldelse»

(Hovland, Jon, 2010).

Dette kjem også til utsyn i romanen *Skapspregeren Manfred Oppstandelse* som er ein satirisk tekst, den er skreve som både roman og filmmanus.

## 2.2 Satire

*Skapspregeren Manfreds Oppstandelse* er skreve som ein satirisk roman. Satire kjem av det greske ordet *satura* som betyr eit fat fylt av miksand frukter (NAOB, 2021). Ein kan altså sjå på det som ei blanding av kritikk, humor og moral. Ein satire skal ikkje berre underhalda, men han skal også gje narr av noko, til dømes samfunnet, grupper eller enkelpersonar. Den politiske kommentatoren og satirkaren Eirik Bergesen forklarar kva satire er i sin artikkel Hva kan vi lære av politisk satire (2013). Han skriv at «God satire er rett og slett jakten på sannhet». Vidare presiserer han at politisk satire handlar om «hvordan politikerene utøver makt» (2013, s. 7). Det å sjå på satire blir då viktig frå eit maktperspektiv der satire er meir enn berre humor. Eit satirisk verk skal fortelja noko om samfunnet i den tida vi lev i, og om oss sjølv som menneske. Dustin Griffin hevdar i boka si *A Critical Reintroduction* at satire kan brukast som eit retorisk verkemiddel (1994, s. 71). Vidare inneheld satire humoristiske midlar som ironi, det å meina det motsette av det som blir sagt. Ein anna metode for å få fram satire er å parodiera, det vil seie å etterlikna noko eller nokon med ei stor overdriving. Satiren blir da eit verkemiddel for å avsløra enkelte makttihøve i og utanfor verket.

### 3. Analysen

#### 3.1. Maktilhøve i *Skapspregeren Manfred Oppstandelse* – Personlege relasjonar og religion

Foucault meiner at «det disiplinære samfunnet oppstår på bakgrunn av visse historiske prosesser av økonomisk, juridisk-politisk og vitenskaplig art» (1999, s. 188). Det er normene som styrar det moderne menneske. Rutinar og reglar skal forma oss og disiplinera oss. Det å setja oss i bås og fortelja oss kven vi er blir brukt som eit maktmiddel for å styra oss. For å visa makt gjennom personlege relasjonar har eg valt Manfred Hummel og hans tidlegare arbeidsgivar direktør Waldemar Schmitt og korleis dei forhald seg til kvarandre for å visa klasseskilje som kjem av økonomisk prosess i kapitalismen.

I *Skapspregeren Manfreds oppstandelse* møter vi mekanikaren Manfred som driv ein liten verkstad i den vesle byen Isenberg som ligg i fyrstedømmet Isenberg. Han eig også ein patent på eit pengeskap som er umogleg å bryta seg inn i. Denne oppfinninga har ikkje Manfred økonomiske ressursar til å få ut på marknaden. Han har ein fortid bak murane, men er no ein familiefar som prøver å leva eit rettskaffent liv. Den nye idyllen blir fort satt på hovudet når Manfred får brev frå banken om tvangsausksjon av verkstaden hans. Betalar han ikkje gjelda si er livsverket hans truga. Manfred bestemmer seg for å oppsøka direktør Schmitt om eit lån. Når sekretæren seier til Schmitt at ein Herr Hummel er kome for å tala med han, klarer ikkje Schmitt å kjenna igjen namnet. Han får servert formannet Manfred og då drar Schmitt kjensel på vedkommande. Det viser til det tydelege klasseskiljet, ved at den nedre klassen går etter fornamn medan dei frå høgare klassar blir tiltala med etternamn. Vidare ser vi at Schmitt kjennar seg heva over Manfred med kommentaren «Sa han virkelig kollega innen jernbranchen?» (Bjørneboe, 2020, s. 47). Manfred er ikkje jamstilt i Schmitts augo og han meiner at Manfred bør ikkje vera meir enn ein arbeidar, dette kommer av bakgrunnskunnskapane hans. Manfred er ein mann utan skulegang, tidlegare forbrytar og dermed blir han sett på som ein som ikkje er eгna til å driva ein bedrift sjølv. Derimot er han flittig, og kanskje ein betre mekanikar enn ingeniørane sjølv.

Engelstad skriv at Marx meinte at «en kapitalistisk bedrift bygger på (...) å passivisere og frata arbeiderne deres skaperevne for å tilpasse dem et regime som har profitt som målsetting, ikke produksjon av nyttige goder» (2005, s. 92). Det er arbeidskrafta til Manfred Schmitt vil ha, og han ønsker å igjen få Manfred til å arbeida for seg. På ein anna side tilbyr Schmitt seg å kjøpa

patentet til oppfinninga til Manfred slik Manfred kan gjera opp for seg. For Manfred er ikkje det ein moglegheit, fordi oppfinninga hans betyr alt for han. Manfred derimot vil vera sin eigen herre med verkstaden sin og strittar i mot. Vidare nyttar Schmitt maktposisjonen sin som direktør til å ringa andre fabrikk eigarar for å be dem om å ikkje gi Manfred eit lån.

Manfred ser ikkje anna utveg enn å gå gamle veger for å redda verkstaden sin. Han overtalar kompisen sin Bimbo som nyleg er sluppen ut av fengsel til eit siste kupp. Dei bryt seg inn i pengeskapet til Schmitt og stel ikkje alt, men berre det Manfred treng pluss ein slant til Bimbo. Det blir straks klart kven dei skyldige er og dei blir tauet inn av politiet. Etter at Manfred er satt på cella får han besøk av Schmitt. Her beklagar Schmitt seg til Manfred over kor umenneskeleg han har vore mot ham for å ikkje ha lånt han pengar og søker hans tilgiving (Bjørneboe, 2020, s. 186-187). Han vil hjelpe Manfred med sine egne advokatar og i tillegg vil han senda pengar til familien til Manfred kvar veka slik at kona og barna skal klara seg. Schmitt viser seg som ein angrande mann som tilsynelatande gir utan føresetnader tenesta og godar til Manfred. Men bak ryggen har Schmitt ein anna agenda, for det ender med at Manfred gir frå seg patenta utan å vita kva det inneber. Her ser vi eit døme på å ta makt eller sette seg i ein maktposisjon ved å gi noko. Schmitt gir altså Manfreds kone lønn, medan han tar varen til Manfred til seg for å tena meir sjølv.

Det nemnte døme viser kapitalismekritikk, ifølgje Erik O. Wright har kapitalismen eit ønske om å øydeleggja «Edens hage» (2000, s. 9). Det han meiner er at i eit kapitalistisk klassesamfunn vil den klassen som utnyttar holde midlar frå den lågare klassen, slik den lågare klassen må arbeida for å klara seg. Ved å skatteleggja arbeidarklassa held ein menneske nettopp vekke frå det å vera frie. Og arbeidarane må ha ein jobb for å betala skatt og har dermed ikkje råd til å vera frie og sjølvstendige. Person A gir B noko han treng for å sjølv få større gode. Slik som den kapitalistiske strukturen der fabrikk eigaren gir sine arbeidarar noko dei må ha for å kjøpa mat og betala skatt og gjere seg sjølv dermed rikare. I Manfred sitt tilfelle ender han opp med å skriva frå seg patenta på oppfinninga si for å redda seg ut av situasjonen. Noko han har vert tydeleg på at han aldri skulle gjer. Altså har Schmitt oppnådd ein makt over Manfred og fått han til å gjer noko han i utgangspunktet ikkje ønska.

Ironisk nok hyller Manfred eigedomsretten, systemet og viser seg som ein god kristen mann og dette gjer at folket vil sette Manfred fri. Manfred legg seg flat og vil ta straffa si for han meiner at forbrytarar fortener straff. Slik ender det med at Manfred blir frikjent og får jobb hos Schmitt som disponent på oppfinninga si. Lykka varer meir enn nokre få år før Manfred blir henta inn på kontoret til direktør Schmitt. Fyrst kommenterer han antrekket til

Manfred, alt er feil – alle vet at en må ha matchende strømper og slips, og aldri brunesko til grå eller blå dress (2020, s. 267). Her viser Schmitt korleis Manfred ikkje passer inn i denne nye verden. Hovudgrunnen for at Manfred er blitt kalla inn er at det er ein feil med pengeskapa. Ikkje er dei berre 100% innbrotssikre, men dei er så solide at dei vil vare i fleire generasjonar. Dermed er problemet økonomisk, og produktet strider mot heile kapitalismen der ein skal selja fleire varar, kvalitet før kvalitet.

Manfred mister stillinga si som disponent og han oppdagar då at all velferda han har oppnådd vert eigmeldt av firma til Schmitt og ikkje han sjølv. Til og med sin eigen oppfinning er ikkje lenger hans. Men det er alltid plass til han på fabrikken, og på grunn av royalties så kan han leve resten av sine dagar i borgarklassen. «Selv har De intet annet enn retten til en viss royalty, og firmaets ledelse kunne når som helst, ja unnskyld utrykket, simpelthen sette Dem på gaten. Noe som vi selvsagt aldri kommer til å gjøre» (2020, s. 271). Schmitt har overtaket på Manfred og vil alltid ha det så lenge Manfred ikkje vil på gata, men ønsker ha ein plass i borgarklassen. Engelstad (2005, s. 51) beskriver makt sett utanfrå i det kapitalistiske systemet slik at arbeidarane har ingen val. Arbeidarane eig ikkje anna enn deira arbeidskraft og har ikkje anna val enn å arbeida for kapitalistane. Kapitalistane på den andre sida har makt til å gi arbeidarane låg lønn, men må gi dei nok til at arbeidarane får forsørga familien sin, slik at barna kan veks opp og ta over arbeidsmarknaden. Det er eit tilhøva som treng kvarandre, men den eine har makta til korleis det skal uhøves. Schmitt har då opprette kontroll og har ein evig makt over livet til Manfred. Manfreds tilværes er prisgitt av Schmitt sin «godheit». Schmitt kunne like godt sagt at Manfred var fanga og truga han direkte med å setja ham på gata, men i staden vel Schmitt og pynta det inn med at det ville dei sjølvsagt aldri gjort. Ifølgje Joe Martin i *Protokollføraren* meinte Bjørneboe om formyndarmenneske at «De anser seg selv som gode mennesker som har påtatt seg oppgaven med å sikre at andre er like moralske som dem, og at alle andre passer inn i samfunnet» (2020, s. 130). Schmitt framstil seg sjølv og den makta han sit med som noko godt. Han blir den miskunnsame samaritan.

Parallelt med historia om Manfred har vi ein ung engel som ferierer på jorda i fyrstedømmet Isenberg. Engelen heter Uran og kjem frå Uranus. Det heile blir komisk og latterleggjort, der engelen blir fasinert over kva den møter på jorda. Engelen likar spesielt handel og blir ein tilhengar av kapitalismen og dermed får si eiga openbaring. Han bestemmer seg for å fjerna vingane sine og melder seg som politisk flyktning. Han tar tilbake familienamnet sitt Gabriel. Engelen Gabriel er ein av erkeenglane i kristendomen og var Guds sendebod og symbol på openbaring og opphav (Odden, 1999). Her blir han eit bilet på korleis menneske og englar

blir til Guds falne englar og snur seg mot kapitalismen. Engelen som ironisk nok også bar namnet Uran peiker på undergrunnen til mennesket. Her kan det tenkast at Bjørneboe har valt namnet frå grunnstoffet i kjernekraftindustrien og engelen blir med det eit bildet av menneske sin sjølvutsletting. For det fyrste har engelen namnet etter grunnstoffet i atomverket og for det andre omfamnar engelen den kapitalistiske samfunnstrukturen.

Å ha ein engel med som vandrar gatelangs bidrar med å skapa avstand frå røyndomen. Dette «stadfestar» Bjørneboes forord om at alt oppdiktet og ein kvar likskap med røyndomen, enkelt personar og hendingar avviser han. Engelen bidreg til å forsterka det absurde i romanen. Han får vandra i Isenbergs gater usett av dei fleste bortsett frå upålitelege kjelder som spedbarn og drukkenboltar. «Dere tror ingenting, ikke på Gud og ikke på mennesker, så fulle av løgn og hor og bedrag er dere, at dere tror alle andre også juger» (2020, s. 109). Dette blir sagt av Tanta til Bimbo som er ei av dem som ser engelen, men ingen vil tru henne på bakgrunn av at hun er alkoholikar og ligg lågare enn den låge klassen. Dette tyder på at dei som står utanfor ser den kapitalistiske verkelegheita, medan dei som står innanfor er blindlangt av penganes makt.

Religion og kapitalisme blir brukt som eit slags rammeverk, og gjennom romanen ser vi at religionen og kapitalismen går hand i hand i denne fortellinga. Fortellinga er lagt til juletida, som er eit nøkkeldøme på den kapitalistiske kontekst. Forbrukarsamfunnet viser seg i sitt ess, og på sitt verste. I jula fungerer religionen som eit hjelpemiddel til kapitalismen og viser det kapitalistiske presset for å bruka pengar, gjerne med eit spel på samvita; «Gled også én som ikkje venter det med julegave! En annen: Juletid er gavetid. Også for deg er Jesus født! Vis Ham takknemlighet ved å gi gaver!» (Bjørneboe, 2020, s. 44). Her viser han det materialistiske samfunnet stilt opp mot Jesus og korleis religion har glidd over til å bli noko kommersielt. Ein kan gå så langt som å seia at kapitalismen opptrer som ein eigen religion som lover velferd og frelse: «Pengenes ånd og makt er overjordisk og ulegemlig når den er destillert over i rekneskap, konti, sjekker, bankpapirer; man kan betjenes og hjelpes av pengenes ånd» (Bjørneboe, 2020, s. 45). Det kommersielle er religionen som har gått frå noko heilag til å bli ein vare. Kapitalismen utnyttar verdiane til folket for å få utbytte økonomisk.

Ein videre stadfesting på gudsfråvær er Bimbo som hevdar at det er Mammon som styrer, ikkje berre i fyrstedømmet Isenberg, men også i heile verda (Bjørneboe, 2020, s. 62). Mammon er ein avgud som blir knyta til materialisme og grådigheit i den kristne ideologien (de Caprona, 2015, s. 907). Mammon blir ein metafor for kapitalismen. Med dette spør Manfred med negativ ladning om Bimbo er blitt ein slik kommunist. Til dette svarer Bimbo at

han kanskje blir det snart, men at han samtidig kjenner på ein dragning mot religion også. Eit paradoks oppstår for det er ikkje plass til Gud i kommunismen. Fordi kommunismen held seg til det sekulære perspektivet, der bodskapet blir å fordela ressursane, ikkje ofra dei til ein Gud. I tillegg er det staten i kommunismen som skal bestemma kva som er rett og galt og ikkje ein religion. Medan i romanen der kapitalismen og pengane rår blir religion brukt som kontrollmiddel. Karl Marx hevda «Det er ikke menneskets bevissthet som bestemmer deres tilværelse, men omvendt: deres samfunnsmessige tilværelse som bestemmer deres bevissthet» (1991, s. 217). Med det kan vi legge til grunn at det finst skjulte makter som styrer oss. Slik som kyrkja som står bak og observerer, klokkene ringer for å minna oss på at ho er der. Ho utøver ikkje noko synleg handling anna enn ei svak tru i menneske som lev i Isenberg. Blant anna i rettssaka blir kona til Manfred spurt om ho var jomfru når hu gifta seg, til det svarte ho ja, men innrømma like etter at deira fyrste son var født knapt nokre månader etter bryllaupet. Den heilage tekst er dermed framleis gjeldande som moral, der det passar seg, i fyrsteberget Isenberg.

Religionen blir liggjande som ein skjult makt i romanen. Kristendomen er sterkt til stade som ein tradisjon. Men vi ser ingen leiar, det blir heller den tradisjonen om at det er sånn det skal vera i landet Isenberg. Fleire steder i romanen blir det referert til St. Michaelskyrkja, ho står som eit symbol i bakgrunnen av handlinga. Kyrkja blir eit makt symbol, det er ikkje kyrkja i seg sjølv som har makta, men blir heller ein rekvisitt i maktutfolding (Bjørge, 2009, s.4). Det har gått frå å vera ein plass der ein dyrka gud og moral , men det er blitt ein dyrking av noko anna, som mammon. I det nya testamentet står det skrevet «Ingen kan tjene to herrer; for han vil enten hate den ene og elske og forakte den andre; I kan ikke tjene Gud og mammon» (Matt 6,24). At sjølve trua i religionen ikkje har ein stor plass i Isenberg slik det ser ut til, får vi bekrefa av samtalen mellom Bimbo og hans cellekamerat Gottlob. Der han blir spurt om han er ein truande kristen, som viser at det er skilnad på dei som vedkjenne seg kristendomen og dei som faktisk trur på bodskapet. Engelstad skriv i boka *Hva er makt* at «Som følge av et konstant moderniseringsspress er religion blitt privatsak. Utenfor de små sekter går den tapt sin overordnede autoritet, sin tvingende autoritet» (2005, s. 126).

For å samanfatte; I *Skapsprengeren Manfred* ser vi at det har skjedd ein sekularisering, vi møter ingen kristeleg maktpersonar, men religionen ligg som ei skjult makt i form av tradisjon. Med kyrkja sin klokkelyd som ein stadig påminning. Det er kristne verdiar, normer og reglar som blir tatt med og brukt vidare og tradisjonen seia at ein kristen mann er ein rettskaffen mann. Her går jussen saman med religionen som eit svar på korleis ein skal leva.

### 3.2 Makttihove utanfor romanen

For å få eit større bilet er det viktig å sjå på konteksten romanen *Skapspregeren Manfred Oppstandelse* blei skrevet i. Bjørneboe har valt å kritisera samfunnet i romanform fram for å skriva essay og artiklar. Det set han i ein maktposisjon, neste steg er å få gi ut romanen slik den kan nå folket og bli tolka i konteksten av samfunnet. Spørsmålet er om litteratur kan vera eit verktøy for å avkle makta i samfunnet og kva for ein påverkingskraft har han?

Bjørneboe presiserer i forordet at det er ein rein oppdikta fiksionsroman. Med slike openberre likskapar med ekte menneske og hendingar blir det vanskeleg å tru på det han skriv i sitt eget forord. Bjørneboe startar handlinga med at hendinga er i Isenberg og ikkje i Noreg og at «*(..)mulig likhet med norske skapsprengere, statsadvokater, horer, dommere, halliker, politifullmektiger, dokoner, overkonstabler, ågerkarler og jurister være fullstendig utilsiktet»* (2020, s. 13). Den påfallande likskapen mellom folk og setting er for stor til at det er vanskeleg å unngå å samanlikna med Noreg og dei aktuelle folk som eksisterte på den tida. Isenberg er eit land med sine knappe 2,9 millionar innbyggjarar og blei eit sjølvstendigland i 1904, ikkje meir enn eitt år tidlegare enn Noreg.

Det er fleire teoriar om kvifor romanen ikkje blei utgitt i sin tid. Ein av teoriane er at han låg for nære ekte hendingar og kunne då by på utfordringar. Vigdis Hjort skriv i forordet til *Skapspregeren Manfreds Oppstandelse* at forlagsmannen Brikt Jensen uttalte seg om at karakteren Manfred hadde for mange likskapar med skapsprengaren Anker Rogstad (2020, s. 9-10). Dersom eit forlag skulle ha gitt ut denne romanen, ville det kunne føra til problem i form av injurie. Dersom Anker Rogstad kjende seg sjølv igjen i karakteren Manfred, kunne han ha kravd erstatning for ærekrenking av han sin person og renommé (Straffeloven - Lovdata § 246). Rogstad er kjent som både forfattar og fengselsfugl, og var motstandar til Bjørneboe i fengselsdebatten. I følgje Tore Rem tok Rogstad parti med fengselssystemet og hevda at han aldri hadde sett nokon fangar bli mishandla eller høyrt nokon som har påstått at dei har blitt mishandla (2020, s. 481). Manfred Hummel kan da sjåast som ein parodi på Rogstad når han hyllar fengselet. Debatten mellom Bjørneboe og Rogstad gjekk føre seg i form av innlegg i Dagbladet, frem til Bjørneboe bestemmer seg for å fortsetja debatten vidare i romanform. Med det tek han ordets makt og dermed blir kritikken einvegskøyrt. Det kan vera vanskeleg å motdebattere noko som er tilsynelatande er oppdiktet.

Det er ikkje berre Rogstad som blir parodiert i romanen, men også Bjørneboes nemesis, riksadvokaten Lauritz J. Dorenfeldt. I 1959 møtes dei for fyrste gang og sidan har dei vore i konflikt. Etter fyrste møte skal Bjørneboe ha sagt til sin daverande kone Tone Bjørneboe at det var «uhyggelig å stå ansikt til ansikt med så meget høflig glattheit og ansvarsløshet» (Rem, 2020, s. 420). Dorenfeldt får tildelt sin rolle i romanen som statsadvokat Knorrenfeldt. Her har Bjørneboe valt å ikkje forandra namnet noko særleg for å gi mindre rom for tolking, det er ikkje tvil om kven Knorrenfeldt er ein parodi på. Bjørneboe har kryssa veg med Dorenfeldt fleire gangar i rettens veg. Det Manfred fryktar mest er å møte Knorrenfeldt i retten.

Knorrenfeldt blir skildra som ein statsadvokat med 94% domfelte (Bjørneboe, 2020, s. 156). Få slipp unna Knorrenfeldt, verken dei skuldige eller uskuldige. Samfunnskritikken Bjørneboe vil framheva med å parodiera Dorenfeldt i romanen viser til maktbalansen i rettssystemet. Då kan ein stille seg spørsmålet om dei sikta faktisk får ein rettferdig rettssak eller om det heile handlar om å få dømt flest mogleg. I *Skapspregeren Manfreds Oppstandelse* blir det lagt fram korleis dei arresterte blir isolerte fram til rettssaka. Fangane får ikkje moglegheit til å stella seg eller forbereda seg, i retten vil dei då syna seg som «(...) ubarbert, skitten, upleiet i klærne, opphisset, ubalansert og lite klar i hodet» (2020, s. 151). Denne behandlinga «(...) letter forhørsdommerens arbeide» (2020, s. 151). Den tiltalte vil då bli dømt ut i frå utsjåande og oppførsel og ikkje kunn ut i frå bevisa. Her ser ein korleis systemet kan brukast for å døma på tynt grunnlag. Bjørneboe brukar i romanen eit døme frå sitt eige liv for å syna makta rettsvesenet har over eins liv. Han opplevde sjølv å bli arrestert for fyllekøyring, og irriterte seg då over at han ikkje fekk moglegheita til å gå heim for å skru av varmtvannstanken (Rem, 2020, s. 408). Dette var noko Bjørneboe sjølv såg på som eit maktovergrep frå rettsstaten, så inngripande at han har valt å ta hendinga med i romanen.

Bjørneboe har også skreve seg sjølv inn i romanen som diktaren Gottlab. Der han viser til eit av sine dikt «Blomster til Genet» som blei seinare publisert i skodespelet *Til lykke med dagen* (1965). Bimbo treffer denne diktaren i fengsel og får eit dikt av han som han held kjær. Diktet er ein bøn til Maria om å minnast på alle dei som har falle vekk i frå samfunnet. Diktet står som kontrast til det kapitalistiske samfunnet i Isenberg. Her har religionen ein stor plass, men bodskapet om at alle er like mykje verdt står ikkje like sterkt i staten Isenberg. Her bruker Bjørneboe seg sjølv i romanen for å kritisera tvitydigheita med at landet er religiøst, men ikkje lever fult ut etter det religiøse bodskapet. Kvifor Bjørneboe ikkje har gitt seg ein større

rolle i sin nøkkelroman<sup>1</sup> kan tyde på at han avskriv at det er han det handlar om. Han er forfattaren som fortel fortellinga. Etter sitt eige fengselsopphold i 1959 utalte Bjørneboe:

«Det er *virkelige fanger* her på fengselssykehuset, og ikke bortskjemte romanforfattere som skal sitte i noen uker. Det er meget virkelighet og sannhet her, og en reisning i smerten som jeg bare har møtt blant *helt* fattige kunstnere»

(Tore Rem, 2020 s. 409).

Med ytringa si sidestiller han seg ikkje med dei andre fangane, men verker som ein observatør til situasjonen. For han er berre ein romanforfattar som er på «besøk» i fengselet. Han setter seg i rolla som ein som skal hjelpe dei utstøyte og må som observatør formidle videre til verda kva han har sett. Tore Rem skriv at Bjørneboe såg på seg sjølv og andre forfattarar som «profeter», der deira talent var at dei var medlidande til dei svake i samfunnet (2020, S. 429). Deira oppgåva var å avdekka sannheita og litteraturen sko vera meir enn berre underhalding.

Fredrik Wandrup uttaler seg om verket *Skapspregeren Manfreds Oppstandelse* i biografien *Jens Bjørneboe – mannen, myten og kunsten*, og hevdar at romanen er full av Bjørneboes svakheiter slik som «Overdreven og lite troverdig karikering og virkelighetsfjern satire. Den er dessuten slapp i stilten, lite spennende og mangler høydepunkter» (1991, s. 91). Wandrup har rett i at karakterane vi møter i romanen er overflatiske og med lite innhald. Store delar av romanen er munnleg språk, i form av mange dialogar og dermed får lesarane lite innblikk i deira indre kjensleliv og tankar. Det kan gjera at ein ikkje får så mykje kontakt eller sympati med karakterane som ein ønsker i ein roman. På ein anna side er det kanskje nettopp det Bjørneboe ønsker, å visa dei som tomme karakterar for å framheva samfunnskritikken. Manfred er ein dynamisk karakter og det kan vera vanskeleg å plassera ham. Manfred går i frå å vera ein moralsk mann i arbeidarklassen til å utvikla seg til ein antihelt som vi som les mistar tillit til.

Dustin Griffin hevdar at satire er dekorativ retorikk og at den skal overtala publikum om kva som bør gjerast (1994, s. 71). Retorikk er kunsten å overtyda. Satire er ein metode ein kan bruka for å setja sin moral over andre ved å gjera narr av dei, eller påpeika at andre sin moral er därleg. Manuscriptet til *Skapspregeren Manfreds oppstandelse* blei skrevet som både filmmanus og roman. Den kan passe bra som ein teateroppføring i dag, på grun av at den er skrevet som ein overdriven satirisk teatralsk forteljing. Slik Hovland antyda ser vi

---

<sup>1</sup> Ein nøkkelroman betyr at den er basert på ekte personar, der det er lett å oppdage kven det handlar om, sjølv om dei har fått nye namn i verket. (Hans H. Skei, 2019)

samfunnskritikken og makttilhøva skin gjennom via dramatiske monologar og dialogar. Eit døme er samtalen mellom politifullmektig og ein betjent:

«Det er sant, sa fullmektigen, jeg er aldeles enig! Også fengselsloven og straffeloven bør være gjenstand for effektiviserende reformer! Det burde gis adgang til ukelang fengsling uten fremstilling i forhørsretten, det ville være meget tidsbesparende. *Det ville være en reform, herr politifullmektig!*»

(Bjørneboe, 2020, s. 140).

Det heila blir ironisk for oss som les, dei to snakkar om å ta frå den alminneleg mann banale rettighetar. Ved å bruka denne ironisk, angripar han politiet og framstiller dei som at dei ikkje er ute etter rettferd, men heller ønsker å forenkla jobben deira.

Joe Martin skriv i *Protokollføreren* at «Komedien er alltid samfunnsorientert i den forstand at den utfyller en rolle for å forbedre samfunnet gjennom brodden i sin kritikk» (2020, s. 127-128). Komedie skal vera eit middel mot det som er feil i samfunnet gjennom humor. Ved å latterleggjera systemet skal det framprovosera ønsker om endring i mennesket. Vidare skriv Martin slutten på stykket skal vera eit sannheitas augeblikk (2020, s. 172). Martin påpeikar at «Sjølv om Bjørneboe klandrer en bestemt type samfunn for de manglene han finner, får man sjeldan noen følelse av at han mener at det finnes én bestemt måte å ordne opp i problemene på» (2020, s. 129). Dermed oppfordrar Bjørneboe oss som les til å tenkja sòlv ved å gi oss ein satirisk julelektyre. Ser vi på satire gjennom eit maktperspektiv, ser vi at det å få folk til å le av den andre parten tar ein folk ned frå pidestallen.

Språk er eit maktmiddel, det har overtalande effektar og kan brukas på mange måtar. Engelstad skriv at «Ironien retter seg mot et offer, og den som ikke rammes kan fryde seg over andres ulykke, samtidig som han neppe kan unngå å spørre seg om ikke han selv også kunne bli et offer» (2005, s. 39). Satire påverkar lesaren og fungerer som eit speil mot verda eller seg sjølv og viser våre feil og manglar. Ein satire sin oppgåve er å avkle det som er feil i samfunnet, spørsmålet blir om romanen fungerer framleis i dag, 60 år seinare. Karikaturane peiker mot bestemte personar som er død i dag og romanen blir derfor ikkje lenger aktuell som nøkkelroman. Likevel er det enkelte miljøskildringar som kan vera dagsaktuelle.

*Skapspregeren Manfreds Oppstandelse* er ein framstilling av forbrukarsamfunnet vi lev i den dag i dag. Det vi kjøper er ikkje laga for å vara. Ironisk nok er det her Manfred feilar økonomisk og materialistisk. Dette viser seg i Manfreds mislykka pengeskap. Forlaget Pax prøvde også å aktualisera romanen med at Bjørneboe forutset oljefunnet og oppgangen. Dette

er nok overdrive, men det Pax derimot treff på var at dei valte å gi ut romanen nettopp rett før jula, eit verkemiddel Bjørneboe sjølv var glad i å bruka (Rem, 2020, s. 418). Ved å bruka jula som kontekst vekker det kjensla hos menneske, det er ein tid for omsorg og det å vera medmenneske.

Vi ser korleis Bjørneboe har brukta romanen som eit speil mot verda og sitt eget liv for å kritisera dåtidas aktuelle saker. Men også samfunnet generelt både fengselsvesenet og maktmisbruken. Han har brukta ironi og satire som maktmiddel for å få fram sine poeng.

#### 4. Konklusjon

I denne oppgåva har eg teke for meg korleis samfunnskritikken kjem fram gjennom romanen *Skapspregeren Manfreds Oppstandelse*. Bjørneboe har teke på seg rolla som forfattar og formidlar for å avdekka samfunnets ujamnskapar. Romanen er ei forlenging av fengselsdebatten, med tydeleg symbolikk på korleis pengane i samfunnet rår, skapar klasseforskjellar og ulik maktfordeling. Institusjonane har ikkje makt åleine, makta kjem til utrykk gjennom relasjonane. Vi ser korleis Schmitt blir eit biletet på kapitalismen, der han har makt over Manfred som høyrer til arbeidarklassen. Gjennom deira tilhøve ser vi den evige klassekampen og kapitalismekritikken kome til syne ved bruk av teatralske karakterar, overdrivne parodier for å vinna folket over på sin side.

Med religiøse allusjonar syner det at det ikkje er religionen som har makt i seg sjølv, men korleis ho viser seg som makt i tradisjon. For storparten stiller ingen kritiske spørsmål til den bakanforliggande makta religionen har. Den heimlause engelen blir ein allegori på mennesket som har mista Gud. Bjørneboe viser oss korleis institusjonane forer kvarandre med makt som kyrkja og det kapitalistiske systemet. Korleis rollane vi har fått utdelte i livet utgjer kven vi er og kva for ein makt vi har over kvarandre. Bjørneboe prøver å bruka sin litterære makt, ved å delta i debatten gjennom ein satirisk roman. Romanen blei ikkje utgitt i sin tid, men han kan fortsett bli lesen som ein satire i dag, medan nøkkelroman funksjonen fall bort.

Å arbeida med analyse av denne romanen har vert spennande og omfattande. Likevel er det mykje meir ein kunne dykka djupare ned i. Ein kunne sett nærmare på dei andre relasjonane i romanen og maktilhøve dei imellom. Det kunne og vore spennande å ha gått nærmare inn på fengselskritikken i lys av Foucaults disiplinteori. Denne romanen har vert med på å bidra til

et nyansert bilde på samfunnskritikken Bjørneboe var opptatt av og kan trygt plasserast i bokhylla med hans andre samfunnskritiske romanar.

## Kjelder:

### Artiklar:

Bergesen, Eirik. (2013). Hva kan vi lære av politisk satire. *Stat & styring, volum 23*, 6-7.

Henta fra Idunn den 09.03.21:

[https://www-idunn-no.ezproxy.uis.no/stat/2013/04/hva\\_kan\\_vi\\_laere\\_av\\_politisk\\_satire](https://www-idunn-no.ezproxy.uis.no/stat/2013/04/hva_kan_vi_laere_av_politisk_satire)

Bjørge, Eirik. (2009). Michel Foucaults bidrag til forståelse av «makt». *Jussens venner, volum 44*, 302-314. Henta fra Idunn den 13.04.21:

<https://www-idunn-no.ezproxy.uis.no/jv/2009/05/art01>

Hovland, Jon. (2011). Fredrik Engelstad: Maktens uttrykk. Kulturforståelse som maktanalyse. *Sosiologisk tidsskrift, volum 19*, 292-294. Henta fra Idunn den 13.04.21:

<http://www.idunn.no/st/2011/03/art04>

Odden, Per Einar. (publisert 14.10.1999, sist endra 28.05.2020) De hellige erkeengler Mikael, Gabriel og Rafael. *Katolsk.no*. Henta den 23.05.2020 Frå:

<http://www.katolsk.no/biografier/historisk/erkenglr>

Skei H. Hans. (2019) *Store norske leksikon*. Henta 13.05.21 frå  
<https://snl.no/n%C3%B8kkelroman>

## Litteratur:

Bjørneboe, Jens. (2020). *Skapspregeren Manfreds oppstandelse*. Oslo: Pax forlag A/s

Dahl, Hans Fredrik. (2020). *Rettssakene som kneblet*. Oslo: Pax Forlag

Engelstad, Fredrik. (2005). *Hva er makt*. Oslo: Universitetsforlaget

Foucault, Michel. (1999). *Overvåkning og straff*. Polen: Gyldendal Akademisk

Martin, Joe. (2020). *Protokollføreren – Jens Bjørneboe -internasjonale perspektiver*. Oslo:  
Pax

## E-Book Litteratur

Griffin, Dustin. (1994). *A Critical Reintroduction*. University press of Kentucky. Henta frå:

<https://ebookcentral-proquest-com.ezproxy.uis.no/lib/uisbib/detail.action?pq-origsite=primo&docID=1915087#>

Wright, Erik O. (2000). *Class Counts – student edition*. Cambridge university press. Henta

frå: <https://ebookcentral-proquest-com.ezproxy.uis.no/lib/uisbib/reader.action?docID=153372>

## Nettsider:

Alminneleg borgarleg Straffelov (Straffeloven) Henta den 07.05. 2021 frå:

[https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1902-05-22-10/KAPITTEL\\_2-16#KAPITTEL\\_2-16](https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1902-05-22-10/KAPITTEL_2-16#KAPITTEL_2-16)

Det Norske Akademiske ordbok. *Satire*. Henta frå 04.04.21 Frå: <https://naob.no/ordbok/satire>